



Saksframlegg

Politisk delegeringsreglement, finansreglement, økonomireglement og reglement for politiske styringsorgan - 2023 -2027

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	95/24	12.12.2024

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Reglement for politisk styringsorgan og delegasjon
- 2 Reglement for finans- og gjeldsforvaltning
- 3 Økonomireglement for Fyresdal kommune

Bakgrunn for saka:

Kommunelova §5.14. Reglement for delegering og innstilling, seier følgjande:

Kommunestyret fastsetter selv et reglement for hvordan vedtaksmyndighet og innstillingsrett skal delegeres. Dette skal gjøres innen 31. desember året etter at kommunestyret ble konstituert. Det sist fastsatte reglement og eventuelle andre vedtak om delegering og innstillingsrett gjelder inntil et nytt reglement er fastsatt.

I kommunestyresak 2023/1493-1: Arbeidsgruppe for gjennomgang av politisk delegeringsreglement, finansreglement, økonomireglement og reglement for kommunestyret 2023 – 2027, ble det fatta følgjande vedtak:

Det settast ned ei arbeidsgruppe for gjennomgang/revidering av politisk delegeringsreglement, - finansreglement, - økonomireglement og reglement for Fyresdal kommunestyre. Arbeidsgruppa setjast saman av kommunedirektøren og 4 kommunestyrerepresentantar.

Følgjande kommunestyrerepresentantar i arbeidsgruppa er:

- Nils Kristian Moe
- Liv Nærum
- Robert Libjå
- Elin Ringhus

Framlegg til nye reglement skal leggst fram for kommunestyret i løpet av våren 2024. Gruppa vel sjølv leiar og kommunedirektøren kallar inn til fyrste møte

I kommunestyremøte 20. juni blei kommunestyret orientera om framdrift, og at arbeidsgruppa hadde ynskje om å ta i bruk KF delegering som verktøy for delegeringsreglement. Kommunestyret ga sin tilslutning til dette.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035;

- *Formidle informasjon og dokumentasjon på ein god og oversiktleg måte*
- *Yte god service, gje god rettleiing og informasjon*

Leiargruppa fann fort ut at når ein starta å jobbe med delegeringsreglementet at den måten ein hadde jobba på tidlegare ikkje var hensiktsmessig. Grunnen til dette var at worddokumentet med linkar til lovdata som ein hadde, ikkje var oppdatert etter endringar som hadde skjedd i førre periode. Leiargruppa begynte da og sjå etter kva andre kommunar hadde, og fann ut at Kommuneforlaget på vegne av KS har laga eit system for kommunar som heiter KF delegering.

Arbeidsgruppa hadde etter ein gjennomgang av KF delegering ynskje om å nytte dette systemet. Etter gjennomgang av dette i kommunestyret i juni blei systemet kjøpt inn. I haust har leiargruppa hatt ein gjennomgang av alle lovverk som kommunen er satt til å forvalte og vurdere kven som bør ha mynde til å fatte vedtak.

Det er over 150 ulike lover, og over 2000 paragrafer i disse lovene kommunen er satt til å forvalte. Leiargruppa har hatt ein stor jobb i gjennomgangen av disse som ein grunnlagsjobb. I systemet KF delegering så er dei ulike lovene knytt opp mot lovdata. Dersom der skjer endringar i ein lov eller forskrift, så vil kommunen bli varslet om dette. Slik varsling får kommunen ein gong i månaden. Dette vil seie at vi til ein kvar tid har eit oppdatert delegeringsreglement i forhold til dei lovene kommunen er sett til å forvalte. Det betyr at ein har eit system med høg kvalitet. Kommunedirektøren vil legge opp til ei rutine som varslar kommunestyret om kva for endringar som har skjedd i ein gitt periode.

Når kommunestyret har fatta vedtak om delegering vil reglementet bli lagt ut på kommunens nettside. Der vil innbyggjarane kunne søke opp alle lover og sjå kva for delegering som er gitt. Delegeringa blir da transparent.

Med utgangspunkt i det økonomi og finansreglementet som kommunen hadde i førre kommunestyreperiode, er det berre gjort små justeringar. Justeringane handlar i stor grad om kor ofte kommunedirektøren skal rapportere på økonomisk status. Kommunedirektøren ynskjer å nytte tertialrapporteringane som rapportering til politisk. Rapporteringane som i dag er i mars, mai, august og oktober fell bort.

Reglement for kommunestyret som kommunen hadde i førre periode blir forslått lagt om slik at det er et reglement for alle politiske styringsorgan i kommunen. Nytt reglement er vaska opp mot ny kommunelov, og ein har samla alle reglement i eit dokument. Det som er nytt er at det er laga et eige reglement for hovudutvala.

Konklusjon:

Arbeidsgruppa har hatt ein gjennomgang og har i møte godkjend det arbeidet leiargruppa har gjort i forhold til delegering og dei reglementa som kommunelova krev.

Kommunedirektøren er særers fornøgd med den administrative og politiske prosessen som har ført fram til dei dokumenta som blir handsama i denne saka.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunestyret godkjenner delegasjon gitt i fylgjande vedlagte dokumenter for perioden 2023 - 2027:

- Delegeringsreglement for Fyresdal kommune – KF delegering
- Økonomireglement for Fyresdal kommune
- Finansreglement for Fyresdal kommune
- Reglement for politiske styringsorgan i Fyresdal kommune

Kommunedirektøren gis fullmakt til å gjere endringar i delegasjonen som er følge av lov og forskriftsendringar og som er av ikkje prinsipiell art. Kommunedirektøren rapporterer om slik endringar til kommunestyret.

Behandling i Kommunestyret - 12.12.2024

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå kommunedirektøren.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2024

Kommunestyret godkjenner delegasjon gitt i fylgjande vedlagte dokumenter for perioden 2023 - 2027:

Delegeringsreglement for Fyresdal kommune – KF delegering

Økonomireglement for Fyresdal kommune

Finansreglement for Fyresdal kommune

Reglement for politiske styringsorgan i Fyresdal kommune

Kommunedirektøren gis fullmakt til å gjere endringar i delegasjonen som er følge av lov og forskriftsendringar og som er av ikkje prinsipiell art. Kommunedirektøren rapporterer om slik endringar til kommunestyret.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Ulf Pedersen
	kommunedirektør